

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Gulen

Emne: Drikk til maten til kvardags Bygdelag: Dalsøyra

Oppskr. av: Ivar Kleiva

Gard: Kjellevold

(adresse): Dalsøyra

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ikkje etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Oppskr. etter Jon Kjellevold, pensj. postopnar og gardbr. 85 år.

SVAR

1. Før meieriet kom til drakk folk antan nysila mjølk eller fløytt mjølk, saup, bleng eller skyr. Den tid det var meieri på Nerdal, fekk folket skumamjølka heim att, og då vart det drukki ikkje så lite skumamjøl, trass i at det var få som lika henne noko større. Sidan meieriet vart flytt til Dalsøyra, og søtmjølka vert send til Bergen, har det minka nok så mykje med mjølkebruken.
2. Ein drakk ofte mjølk som leskedrykk før, helst saup eller bleng, men elles det ein hadde.
3. Det var vanleg å laga både saup, bleng og skyr av mjølka før, men no er det lite brukt. Den mjølka folk brukar no, vert jamnast brukt søt, eller som mjølkeringje om sumaren.
4. Heimebryggja øl vart nytta som kvardagsdrykk så lenge dei bryggja øl her i bygda. Det vart slutt på denne heimebrygginga for omlag 50 år sidan. Dei bryggja jamnast til kvar jul, og ofte til våronna. Då tok dei jamt av noko lettøl. Det vart det mest kalla her, men tynning og spisel vart og brukt. Dette lettølet vart og kalla lettedrikke, og det var ein heilt vanleg kvardagsdrikk, serleg i onnene.
5. Kaffi var komen i bruk alt den tid forteljaren voks opp, men berre til høgtidsbruk, og slett ikkje alltid då heller.
6. Kaffien vart kvardagsdrykk her for omlag 50 år sidan. Det var vel ei fylgje av at folk tok til å senda mjølka si til meieriet på Nerdal. Skuma-

Faint, illegible text, possibly bleed-through from the reverse side of the page.

mjølka var ikkje god, korkje søt eller sur, og så vart det til^{at} kaffien kom i bruk i staden.

7. No drikk ein vanleg kaffi to gonger om dagen, til frukost og nons.
8. Kaffien vert jamnast laga på det viset at ein har finmalen kaffi opp i kokande vatn, og så let ein det heile koka eller trekkja nokre minutt. Så klarar ein kaffien med å slå ein skvett kaldt vatn, eller ein kopp kaffi eller to opp i kjelen. Sume brukar å trakta kaffien av og til, mest til høgtidsbruk, men det er ikkje det vanlege. Klareskinn vart bruka noko for ei tid sidan. No er det visst gått or bruk att. Salt i kaffien, eller eggeskal, er heilt ukjent her. Å spå i kaffigrut var nokså vanleg før i tida. No er det visst lite og inkje att av det. Sume av ungjentene fer visst med det, men det er helst på gap. Reglar for korleis dei gjorde det, kjende forteljaren ikkje til.
9. Sukker til kaffien er vanleg brukt, i ser til høgtid og helg. No er det omlag berre tablettar som vert brukt. Før brukte ein mykje kandissukker eller stykke av sukkertoppar.
10. Mest alle brukar fløyte eller mjølk i kaffien, men ein og annan drikk kaffien svart. Forteljaren kjende ikkje til at nokon bruka ost eller vispa egg i kaffien.
11. Te er lite brukt her. Det er fyrst dei siste åra den er komen i bruk her, og enno vert te bruka mest berre til høgtids. Forteljaren kjende ikkje til at nokon hadde laga te av heimlege planar her.
12. Brennevin var vanleg brukt til høgtids og fest, men sjeldan til kvardags. Det kunne vera at ein ^{gav} arbeidsfolka ein dram eller to når det høvde slik i våronna eller i skurdonna.
13. Kjøpeøl, vørterøl, selters, brus og liknande er ikkje i bruk til kvardags. Borna drikk noko brus i sumartida, elles er dei nemnde drykkane lite og inkje i bruk her.

Faint, illegible text, possibly bleed-through from the reverse side of the page.